

Hjerki Haukeland

Dei velkjende kunstnarbrørne Knut, Øystein og Thomas på Lurås i Tinn, har uvanleg mykje velskapt etter seg. Går ein inn i rosemålingskunsten vår kjem ein fort over namnet på dei alle. Går ein inn i slåttemusikken kjem ein tidleg særleg over namnet til Knut Lurås, men også Øystein.

Knut (1782-1843) er rekna som ein av grunnleggjarane av dagens Telemarkstradisjon i spel. Han var læremeister for både Møllarguten og Håvard Gibøen, og blei kalla godfar av alle spelemenn.

Thomas spela klarinett, noko han lærde i militæret.

Men Øystein spela hardingfele, til liks med Knut, og namnet hans kjem ein særleg over når ein kjem inn på gangaren Hjerki Haukeland. Den er det Øystein som har dikta.

Øystein Lurås (1785-1832) var ein staseleg kar, med store gåver og sprek var han òg. Det heitest at han skal ha sparka seks alen høgt.

Som brørne sine fór han vide omkring i landet og rosemåla. Ei tid var han på Bergenskanten – ein veit ikkje akkurat kor lenge, men han var der lenge nok til å treffe ei jente derifrå.

Det var nemleg her, på Haukeland, han møtte eit vakkert viv, med namn Hjerki.

Ho var ei det var lett å falle for og kunstnaren frå Tinn fall så djupt at han trulova seg med henne. Han gav henne jamvel eit sylvbelte i festargåve.

Her skulle bli giftemål, men det kunne ikkje skje med ein gong. Han måtte heim etter broren Knut, for å få han til å spela i gjestebodet. Det tok naturleg nok ei tid fyri Øystein var heime i Tinn, og vel så lang tid tok det fyri han hadde ordna seg og fått med seg Knut vestover att. Kanskje var det medan han gjekk langs desse lange vegane han dikta ein bruregangar til sin utvalde som han ville spela for henne i bryllaupet. Øystein lærde bort slåtten til bror sin da han kom heim.

Ingen veit vel eigentleg heilt kva som skjedde medan Øystein var heime desse vekene.

Kanskje fekk han aldri svar på det sjølv heller. Men når Øystein og Knut kom vandrande til Bergen i sine ærend, sto Hjerki bryllaup med ein annan mann – ein Kaptein Moe frå Voss. Kanskje blei ho truga til dette av sine, eller kanskje fekk ho panikk for å feste seg til ein så fargerik og omflakkande person som Øystein, og alt det fører med seg. Kanskje kjende ho det tryggare med ein stødig kaptein frå ein stad ikkje så langt derifrå. Ulukka ville i alle høve det slik at Øystein kom inn i ein annan manns bryllaup der brura var hans eigen trulova da han eigentleg gleda seg som eit born til sitt eige.

Eit hardare slag kan ikkje ein mann koma frå med livet i behald, men det gjekk ein stygg ein i Øystein da dei gjekk inn i gjestebodet. Han ba Knut spela opp slåtten han hadde hylla henne med og han sette i å danse med brura. Hjerki gjekk med sylvbeltet Øystein hadde gjeve henne. Dette sprette han av henne i avskjedsdansen. Så gjekk han ut i lausdansen og spente ned ei ljosekrone som hang høgt oppe i taket så folk ikkje trudde kva dei såg. Så forlet han lokalet, og dei trefftest aldri att.

Men dei gløymde ikkje kvarandre desse to. Om nokon byrja på slåtten Øystein hadde dikta stoppa Knut dei og sa: *”Ikkje spel dan låtten der, fe da græt Øystein.”*

Bror Thomas treffte Hjerki seinare i livet, men sa ikkje til henne kven han var - berre kvar han kom frå. Da sa Hjerki til Thomas at det var ingen som var så god å danse med som Øystein.

Slåtten Hjerki Haukeland var velforma og fangande, og slik spreidde han seg fort. I dag finn ein slåtten i veldig mange utgåver, både på aust- og vestsida av vidda.

Men vil ein høyre han slik Øystein ein gong spela slåtten, må ein nok attende til Tinn, der Øystein ligg gravlagd.

Anbefala innspeling:

Johannes K. Dahle: "Griegslåttane" (CD. Musikk-Husets forlag A/S 1993)

Kjelder:

- *Knut Buen: "Som gofa spølå"* (Rupesekken forlag 1983)
- Folketradisjon